

REGISTRERT I	
STIFTELSESRREGISTERET	
SAKNR	13/06311
DOKNR	4
17 FEB 2014	
ORG NR	985 668 361
ETE	

Vedtekter for Tomas Martin Nordviks stifting

1. Føremålet med Tomas Martin Nordviks stifting er å taka vare på egedomen gnr. 19, bnr. 1 Nordvik i Samnanger kommune, med tilhøyrande rettar og bygningar med innbu og lausøyre.

Bakgrunnen for stiftinga er Tomas Nordvik sitt testamente dagsett 11.12.1992.
2. Egedomen skal så godt det let seg gjera, bevarast og haldast ved like, slik at kulturminna og kulturmiljøet på egedomen kan gje grunnlag for verdiskaping, kunnskap og oppleveling.
3. Stiftinga sin grunnkapital er:
 - a) Gnr. 19, bnr. 1 i Samnanger, med alle påståande bygningar, innbu og lausøyre og alle rettar som hører egedomen til.
 - b) Bankinnskot stort 1.057.132,42.
4. Stiftinga skal ha eit styre på 3 medlemmer.
5. Styremedlemmene vert valde av Samnanger kommune.

Styremedlemmene vert valde for 4 år og skal ha interesse for lokalhistorie.
6. Stiftinga sine kontante midlar skal plasserast som bankinnskot og eller obligasjonar til best mogeleg rente. Midlane kan nyttast til vedlikehald av egedomen gnr. 19, bnr. 1, særleg bygningar, innbu og lausøyre.

Vidare kan midlane nyttast til andre utgifter i samsvar med føremålet.

Grunnkapitalen, stiftinga sine kontante midlar, må ikkje koma under kr.750 000.
7. Skulle stiftinga verta endra, jfr. «Lov om stiftelser» kap VI, skal midlane nyttast til allmennyttige føremål i Samnanger kommune.

Samnanger 21.10.2013

Vidar Tveiterås
Vidar Tveiterås

Ola B. Lien
Olav B. Lien

Hanne Yndestad Aadland
Hanne Yndestad Aadland